

Mor, blir det snart kvelden, mor? *(For bygd og by julenummer 1927, Olaf Norlis forlag)*

Mor, blir det snart kvelden, mor?
Vi har venta so lenge -
Du, vi har laga ei stjerne stor
som paa treet skal henge-
Ta henne daa -
her er mange smaa,
heile korga er full
med stjernor av gull - .

Mor, no høyrer vi klokkene, du,
dei ringer inn helga -
er du 'kje ferdig med treet no, tru?
For no er vi, fjelga.
Faa kika du mor,
eg som er stor!
Eg skal vera so snild,
naar berre du vil - .

Men mor gaar og steller og smiler, ho ,
og kjenner att klagen.
Slik var det i fjor og slik er det no
denne lengste dagen -
Mor, opna no daa,
so vi alle kan sjaa!
Vi ventar slik, du,
so det kan du 'kje tru!

Og endeleg opnar mor døra daa
til jola og gleda -
og inn stormar alle dei ventande smaa
og tek til aa kveda
um jolefest
og den høge gjest,
som kom sendande ned
til soning og fred.

Det kimar i klokkar fraa sud og fraa nord
fraa fjell og fraa dalar.
Det stig som ein lovsong fraa snøklædde jord
imot himmelens salar.
Fred over jord l -
Mor, aa du mor,
det vart jola lel -
for no er det retteleg jolekveld!